

Protokoll frå årslaugs møte for år 2021 i Solund Sendebrettlaug

Møtestad: Gapahuken ved Arboretet / Messenger/Zoom

Møtetid: Laurdag 26.mars 2022 kl. 17:30

Det vart gjennomført ein diskolfrunde kl. 15:00 i forkant av årsmøtet
Det var grillfest i Gapahuken medan møtet vart halde.

1. Godkjenning av dei som har stemmerett

- Det var 9 medlemmer som var tilstades. Herunder møtte 2 medlemmer på Zoom. Alle var røysteføre.

Vedtak: *Dei framførte vart samrøystes godkjende som stemmeføre*

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: *Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende*

3. Val av møteleiar, referent og 1 laugsmedlem til å skrive under protokollen saman med møteleiar

Vedtak: *Desse vart samrøystes valde:*

- Kjell Mongstad - møteleiar
- Kim Arnes - referent
- Kristian Heimdal Leirvåg - vald til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar

4. Godkjenning av lauket si årsmelding.

- Sjå endeleg årsmelding vedlagt

Vedtak: *Årsmeldinga vart samrøystes vedteken*

5. Godkjenning av lauket sin årsrekneskap.

- Sjå sendeleg revidert årsrekneskap vedlagt

Vedtak: *Årsrekneskapan vart samrøystes vedteken*

6. Fastsetjing av medlemskontingent for år 2022.

Årslaugs møtet sine endringar er markert i raudt:

- Kr. 200 pr. medlem
- Kr. 400 for familiemedlemsskap (inkl. «born» til og med siste ungdomsskuleår **siste år VGS**)
I medlemsskapan er det inkl. 1 laugsdisk. pr. medlem. 2 diskar er inkl. i familiemedlemskapan)

Vedtak: *Framlegget frå årslaugs møtet til kontingent for år 2022 vart samrøystes vedteken*

7. Val av laugsrådsmedlemmer og varalaugsmedlem.

Valnemnda (laugsrådet) hadde dette framlegget:

Kjell Mongstad	på val – tek attval
Endre Natvik	på val – tek attval
Ola-Andreas Hande	nytt framlegg
Lars Myhrer	nytt framlegg
Lillian Herland	nytt framlegg
May Brith Kalgraff	på val - tok ikkje attval
Mark Elvevåg	på val - tok ikkje attval

Samrøystes vedtak:

a. Rådet vert utvida med 2 personar.

b. Nytt laugsråd:

1. Lillian Herland - 2 år
2. Endre Natvik - 2 år
3. Ola-Andreas Hande - 2 år
4. Lars Myhrer - 2 år
5. Fanni Balatoni - 1 år
6. Håvard Harnes Mongstad - 1 år
7. Kim Arnes - 1 år
8. Kristian Heimdal Leirvåg - 1 år
9. Kjell Mongstad - 1 år

c. **Håvard Harnes Mongstad** vart samrøystes vald som laugsrådsleiar for 1 år

d. Det vart ikkje valt vararepresentantar for år 2022, sidan laugsrådet no har 9 medlemmer

e. Revisorrolla følgjer den som vert vald til revisor for Solund IL

f. Valnemnd: Laugsrådet vert foreslått til sølv å organisere valnemndsarbeidet

g. Laugsrådet fordeler roller, ansvar og oppgåver seg imellom, som t.d. Baneansvarleg, Teknisk delegert, Aktivitetsansvarleg, etc.

8. Godkjenning av Handlingsplan 2022

Vedtak: *Laugsrådet sitt framlegg til Handlingsplan 2022 vart samrøystes vedteken slik:*
(Årslaugsmøtet sine endringar er markert i raudt):

- Kjøpe inn diskar.
- Lage «Lost disk»-kasse. Som ein del av å lage «lost disk»-kassen er det ynskje om å få laga eit rom for ei bok der folk kan notere rundar som er gjennomført. Dette for å kunna hente ut ein statistikk for kor mange som nyttar banene.
Bence sitt forslag om gjennomiktig vegg vart applaudert- lage plass til laminerte QR-kodar til info- og registreringsfremål. Enkel låsemekanisme.
- Re-etablere dagens 9- og 18-korgsbane
- Fortsetje arbeidet med Solund som diskgolfdestinasjon / utvide bana med 4 korger
- Arrangere Laugsmeisterskap på våren og Solund Open på hausten, anten som Vestkysttour eller om denne ikkje vert gjennomført, som ein frittstående konkurranse ?
Avklare om det er mogleg å arrangere Vestkysttouren i Solund dette året
Halde fast på uavhengig Solundmeisterskap med nedsenka skuldre. Diskgolf i Solund er høgdepunktet for mange !
Håvard kontaktar Solund kommune for å informere om Solundmeisterskapen 6-8. mai, for å unngå anleggsarbeid
Kim avklarar bruken av kiosk og toalett...brannvakt
- Skaffe sponsorar og finansiering til arrangement / konkurransar
- Planlegge Pargolf-NM ?
- Leverer diskgolfkurs som del av eit reiselivsprodukt
- Reise saman og spele på ulike baner / ulike turneringar i regionen / landet
- Innarbeide lørdags- eller søndagsgolfen som fast treffpunkt. Legge inn eit ekstra folkeleg element i søndagsgolfen som skaper breiare engasjement rundt diskgolfaktiviteten.
«Kast til London» - konsept. Kople konseptet mot Ukraina. Registrere tal rundar og tal kastarar, gjerne ved bruk av QR-kode. Endre, Bence og Håvard avklarar
- Innandørs vinterputting (inkl. opplæring) ?
- Invitere til opplæring i diskgolf og gjennomføre nybegynnarrundar
- Fokus på rekruttering, samarbeid og å ha det gøy
- *Lage video banepresentasjon. Lauget treng ein marknadsperson- /ansvarleg.*
- *Diskvasker – discwasher – dishwasher*
- *Diskutsalgsalgs – finne løysingar som er lett tilgjengelege, enkle å handtere og som gir godt salg. Idrettshus/klubbhus?*
- *Kjøpe inn og selge Solund-bekledning*

9. Budsjett 2022

Vedtak: *Laugsrådet får fullmakt til å utarbeide eit budsjett i balanse, basert på rekneskapen for år 2021, og den vedtekne handlingsplanen*


10. Saker som medlemmer ynskje å ta opp på årslaugsmøtet, måtte vera innmeldt innan 31. mars

Det var ikkje meldt inn andre saker til laugsrådet innan meldingsfristen.

Møtet slutt!

Kim Arnes

Referent



Vald til å skrive under protokollen
Kristian Heimdal Leirvåg

Hardbakke 26. mars 2022



Møteleiar
Kjell Mongstad